



Nærcenterverkstadar

Innspel til samfunnsdelen, 11.03.21



ALVER
KOMMUNE

Innhald

Innleiring	3
Vikebø	4
Bøvågen.....	6
Ostereidet	9
Lindås.....	11
Manger.....	14
Frekhaug	17
— Knarvik	20

Innleiing

Alver kommune jobbar med ein moglegheitsstudie for lokal- og nærsenter. Studien skal tydeleggjere kva funksjon og rolle dei definerte sentera i kommunen skal ha (regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter), og vil både vere eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen (både samfunnsdelen og arealdelen) og nye områdeplanar.

Hausten 2020, frå 20. oktober til 3. november, inviterte Alver kommune til verkstadar i dei 7 lokal- og nærsentera i Alver. Den siste verkstaden som skulle være i Knarvik 3. november måtte avlysast på grunn av endring i koronasituasjonen. Verkstaden i Knarvik vart difor gjennomført med to digitale møter 16. og 18. februar 2021.

Verkstadane er både eit bidrag til moglegheitsstudien og medverknadsprosessen til kommuneplanen sin samfunnsdel. Arbeidet med moglegheitsstudien er i prosess. Heile rapporten fra moglegheitsstudien kjem seinare. Denne rapporten er eit førebels samandrag av samtalane vi hadde med innbyggjarar i dei ulike nærsentera.

Verkstadane vart gjennomført på Vikebø, Bøvågen, Ostereidet, Lindås, Manger og på Frekhaug. Restriksjonar knytt til korona gjorde at verkstadane ikkje kunne gjennomførast som opne møte. I staden vart innbyggjarar som er engasjerte i lokalmiljøet og representantar frå næringsliv, ungdomsråd og ulike lag og organisasjonar invitert. Det var mellom 7 – 12 deltakarar på dei ulike verkstadane. I tillegg deltok tilsette frå ulike fagmiljø i kommunen.

I verkstadane vart det invitert til 3 samtalar, døme frå Vikebø:

- Kva er unikt på Vikebø? Fysisk, kulturelt og sosialt? Kva er Vikebø spesielt god på? Og kva manglar?
- Kva rolle spelar Knarvik? Korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?
- Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Deltakarane kom også med innspel til målpunkt og traséar til sykkelstrategi for Alver som er under utarbeiding.



Vikebø



Kva er unikt på Vikebø? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Vikebø spesielt god på?

Alle kjenner alle på Vikebø. Ser på det som ein styrke, noko ein ikkje har større plassar. Me passar på kvarandre. Dei viktigaste kvalitetane er naturen, folket, dugnadsånd og lagsaktivitet, det me opplever som unikt er kjensla av tryggleik og samhald. "Det skjer ingenting utan dugnad", det er mange eldsjeler som er engasjert i lokalmiljøet.

Kva manglar?

Me er ikkje så kravstore. Det viktigaste er at me ikkje mister meir. Ønsker mest ei levande bygd. Folk fryktar nedlegging av skulen. Vert barneskulen- og ungdomsskulen lagt ned er bygda død. Bygda må føle en trygghet for at vi ikkje skal bli ein del av Frekhaug. Vi vil vere noko anna. Vi har skule, barnehage og fritidstilbud. Vi må ha butikk! Positivt med butikk på Holme, men saknar matbutikk på Vikebø. Vi mangler vegen – det er eit hinder for utvikling og busstilbodet er for därleg. Bustad; ønskjer einebustadtomter og leilegheiter (gjerne i lågblokk). Vil gjerne at dei gamle skal overlate einebustadane sine til dei unge, men vil gjerne ha dei her ute likevel. Skulle hatt fleire tilrettelagte bustader – slik at vi kan halde på dei eldre. Folk ønsker å flytte hjem igjen. Ønskjer at det blir lettere å frådele, å bygge bustad og etablere mindre byggefelt.

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

«Kva skal vi med Knarvik...?» Vi har jo Frekhaug, men Frekhaug kunne blitt betre. Det var lettare å stikke innom kommunehuset på Frekhaug då vi var Meland enn det er no i Alver. Avstanden er større - ikkje berre geografisk, men mentalt også. Mange av dei som pendlar til Bergen, stoppar heller i Åsane enn å dra til Knarvik når dei skal heim etter arbeid. Åsane har "alt" - når Knarvik manglar den eine tingen du treng,

drar du heller til Åsane og handlar alt der. Bompengene er eit irritasjonsmoment – drar heller til Åsane, for du får ikkje noko "premie" for å dra til Knarvik – eit paradoks at vi må forbi ein bom for å komme til det nye kommunesenteret. Folk handlar også meir på Holme for å sleppe bompengane, det er positivt for lokal handel.

Ta vare på: Har ein vidaregåande skule i Knarvik som vi gjerne vil ta vare på, TAF-linja er viktig

Korleis ønsker vi at det blir i framtida?

Ønsker vidare utvikling, betre vegstandard og vekst i folketal. Ønsker å halde dei unge her og behalde dei eldre. Treng tilbod i form av matbutikk. Eldre flyttar til Knarvik pga tilbod, leilegheiter, busstilbod. Kanskje mest pga leilegheitene. Mange ville blitt buande om dei hadde hatt passande butilbod.

Andre ønskjer:

Skjerpatrapper til Eldsfjellet

Tilbod til eldre ungdom (idrettslaget og ungdomslaget dekker ein del, men burde kanskje ha noko meir)

Område med rom for næringsutvikling

Parkeringsplass ved Skurtveit

Moglegheit: llandføring av Sambandet Vest

Bøvågen



Kva er unikt i Bøvågen? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Bøvågen spesielt god på?

Bøvågen har eit veldig godt bygdemiljø der folk føler tilhørighet, lokalsamfunnet er kjenneteikna av god dugnadsånd og mykje frivilig arbeid. Bøvågen er ein stad der alle kjenner alle, det er lite mobbing på skulen og folk støttar opp om aktivitetane som skjer. Mange funksjonar er samla; daglegvarebutikk, barneskule, barnehage, pub, kyrkja, musikkliv og idrettsliv.

Bømarka er eit flott friluftsområde for tur, sopp og jakt. Flott kulturlandskap, byggeskikk og stolt stilakultur. Bøvågen har eit aktivt båtliv, mange har naust nær bustaden, «alle» kører båt, ungdommane også. Når samfunnet vart stengt ned under korona mars 2020 erfarte folk kvalitetane i nærområdet enno tydelegare, med store turområde og god plass til å treffa naboar og vene ute.

Kva manglar?

Bustad, det er vanskeleg å få lån pga låge bustadpriser og få ubebygde bustadtomter tilgjengeleg. Det trengs ei større bredde i bustadtypar, trur fleire unge ville komme tilbake og etablert seg dersom det var eit betre tilbod og fleire eldre som i dag flyttar til Knarvik, Manger eller Frekhaug ville vorte buande.

Kollektivtilbodet er for dårlig. Ungdommane må reise langt for å ta vidaregåande, flere velgjer å flytte eller kjøpe bustad nr 2 i Bergen pga dårlig kollektivtilbod. Det er veldig viktig å beholde utdanningstilbod, mykje praktisk retta skule vert flytt til

åsane/årstad/sandsli. Ungdomskuleelevar går skule på Manger, kjekt med større sosialt miljø, men ei stor ulempe med dårlig kollektivtilbod, dette fører til at dei ikkje kan være med på alle aktivitetane som skjer i helger og på kveldstid.

Dugnadsånd og frivillingheit er viktig for å få ting til å skje, men det er vanskelegare å få folk til å stille opp no enn før, det er stort sett dei same som bidreg.

Arbeidsplassar er viktig for at folk skal verte buande, mange jobbar på Mongstad som er 30 min å køyre. Negativ konsekvens av kommunenesamanslåing er at arbeidsplassar og tenestetilbod har flytta frå Manger til Knarvik. Feil signal at kommunehuset på Manger står tomt, folk opplever ein større avstand til kommunen, meiner det er veldig synd at ikkje det vart kulturhus i det gamle kommunehuset.

Dårlig veg, særleg strekninga Marås -Soltveit. Det er greitt med fortau i sjølve Bøvågen, men bur ein litt utafor Bøvågen sentrum er det ikkje trygt å gå eller sykle, iallfall ikkje for barn.

Manglar møteplassar under tak, puben fungerte som møteplass, den er lagt ned, men det er planar om å starte den opp att. Ungdommane saknar ein stad der alle aldersgrupper kan møtast, puben har vore mest for dei vaksne.

Vanskelegare å vete kven ein skal ta kontakt med i kommunen. Radøy var lite og kjært, Alver og Knarvik er meir fjernt og framand.

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

Vidaregåande skule er viktig, Knarvik og Austrheim vgs. må samarbeide slik at dei ikkje konkurrerer med kvarandre, men heller styrkar tilbodet.

Kulturtilbodet og korpsmiljøet er bra, men folk reiser allikevel ofte til Bergen som har eit større tilbod. Utfordring med Knarvik er arkitekturen, handelstilbodet og utsjånaden generelt. Positiv til planar om ein «forgallmenning». Skal ein til Knarvik så må ein betala bompengar, fleire reiser heller til Mastervik for å sleppe dette.

Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Folk ønskjer eit breiare tilbod av bustadtypar, særleg leiligheter manglar, leggje til rette for at dei eldre kan verte buande og at det er lettare for dei unge å komme tilbake. Ønskjer også at det skal verte lettare å skilje frå ei tomt å byggje «draumehuset».

Ønskjer betre kollektivtilbod og trygg veg for gange og sykkel også utanfor Bøvågen.

Møteplassar for alle aldersgrupper.

Ønskjer at administrasjon/fagfolk/ tverrfagleg team kunne ha vært på Manger i perioder.

—

.....



Ostereidet



Kva er unikt på Ostereidet? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Ostereidet spesielt god på?

Ostereidet er spesielt gode på oppvekstmiljø og har eit godt nærmiljø der ein føler seg trygg. Det er ein sterk dognadsånd og frivilligheit, særleg i samband med aktivitetar for born og unge. Eit godt døme på dette er fredagskafeen for ungdommar som er populær og har vore drive av foreldre i 20 år, det er også natteravnar tilknytta fredagskafeen.

Ostereidet har funksjonane ein treng i alle livets fasar samla, senteret med daglegvarebutikk, bensin, lege, frisør, kroa, Ostertunet og skule- og idrettsområdet. Det er godt samarbeid mellom dei ulike funksjonane, kyrkje, butikk og idrett, som støttar opp om og tek omsyn til kvarandre.

Idrettslaget er aktivt og gjer mykje bra. Barna kan vere med frå dei er 5 år. Allianseidrettslag; ski, håndball, fotball og svømming. Idrettslaget har fått på plass ein infoskjerm på rema 1000, der det vert lagt ut informasjon til innbyggjarane. Andre viktige aktivitetar er kor, korps og den årelege musikalen på ungdomsskolen.

Ein god kvalitet ved Ostereidet er at det ligg ved E39 med kort veg til Knarvik, det er enkelt å komme med bil og mange stoppar ved senteret på veg nordover. Det er positivt med næringspark for dei lokale bedriftene, folk slepp å betale bompengar og å reise til Åsane eller Knarvik.

Ostereidet har flott natur- og kulturlandskap. Fjord og fjell og god plass.

Og kva manglar?

Det er veldig viktig med Osterhallen som må verte ein hall tilrettelagt for alle aldersgrupper, ein uformell møteplass, fleir brukshall og kulturarena. Ostereidet mister ein del ungdommer til idretten i Knarvik, dette skapar sosiale forskjeller pga ikkje alle foreldre har tid og ressurser til å reise til Knarvik.

Det er ikkje slik at alle kjenner alle. Td. folk som er nyinnflytta, ikkje engasjert i noko eller utan born, kan lett falla utanfor.

Breiare butilbod, leiligheter

Busstilbodet er ikkje godt nok. Vegsikring og fortau mellom senterområde og skule manglar, av 117 elevar er berre 6 som ikkje kjem med bil/buss.

Det trengs opprustning og vedlikehald av idrettsanlegget, grusbanen er ødelagt og kunstgressbanen er heilt utslitt.

Ønskjer å utvikle senteret meir, manglar helsesøster, jordmor og tannlege.

Manglar folkebibliotek

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

Det er svært viktig med vidaregåande skule i Knarvik.

Treng fleire butikkar for at Knarvik skal verte eit attraktivt senter, spesialbutikkar og kulturskule. Ønskjer flere statlige og regionale funksjoner og arbeidsplasser.

Folk reiser til Knarvik for å handle det dei ikkje får tak i lokalt.

Men folk på Ostereidet oppever det som urettferdig at det er bygd to nye barneskular; i Knarvik og i Alversund, medan skulane i Eikanger og Kløve står til nedfalls og Osterhallen ikkje er realisert.

Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Osterhallen er det viktigaste å få på plass.

Kommunen må behovsprøva - kva skal prioriterast i de ulike nærsentra?

Vi må tilrettelegge at folk skal kunne leve her – hele livet


Idrettsanlegga treng opprusting og vedlikehal!

Senteret må utviklast og det må byggast fortau mellom senterområdet og skule.

Ostereidet treng folkebibliotek

Breiare butilbod, leiligheter

Lindås



Kva er unikt på Lindås? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Lindås spesielt god på?

Mange kom til Lindåsbygda på 70-talet i samband med Mongstad. Alt vart gjort på dugnad, måtte få skulen i gong osv. Heilt avhengig av frivillige til å drive aktivitetane. Mange som er involvert gjennom ungane, men det er vanskelegare no enn før å få folk til å stille.

Sjølv om det er mange som bur her kjenner folk kvarandre. De fleste er på hels med kvarandre. Det er positivt.

På Lindås senter har etablering av Europris vore eit godt bidrag. Har legekontor, tannlege, helsestasjon og bibliotek. Senteret er flinke til å arrangere ting for ungene.

Westland hotell er ein viktig kvalitet for plassen.

Godt pensionistlag. Ca 500 medlemmar. Mykje aktivitet, seniordans m.m.

Flott natur i nærområdet, stier og grøntområde, Kolåstoppen, Passar for trening og for familier. Aktiv turgruppe som har gjort mykje for bygda Ildsjeler gjer eit godt arbeid og tilrettelegg for alle aldergrupper med mao gapahuk og tilgjenge for rullestol. Veldig bra samarbeid Alver kommunen, når det gjeld turvegar.

Nærhet til sjø, fiske og kystkultur. Lindåsslusene: rustar dei opp, men slit med å få tak i midlar til restaurering

Bredt tilbod her: skulemusikk, kor, Lindås køppen, Lindås songlag, Speidergruppe, Bygdelaget, Haugatun, ungdomslag, teatergruppe
På tvers av alder, mykje aktivitet, folk kjem frå hele omlandet.

Ny barnehage er positivt

Gode og trygge oppvekstvilkår for barn og unge.

Korte avstander gjer at det mange kan gå og sykle til butikk og nærmiljø.

Lindåshallen er ein viktig møteplass både med hall, ungdomsklubb, klatrevegg og biblioteket, den vert brukt til mykje meir enn berre idrett.

Idrettslaget har ansvaret for å være hallvakt – en stor gjeng foreldre/besteforeldre er med. Til vanlig er det kiosk kvar dag og open hall i feriar.

Og kva manglar?

Lindås treng ein større variasjon av bustadtyper, det må byggast fleire leiligheter, mange eldre ønskjer ikkje hage, men treng ein tilgjengelig bustad.

Mange eldre har sin identitet på Lindås og ønskjer ikkje å flytta til Knarvik.

Møteplass for ungdom der dei henge

Ungdom gidder ikke komme på dei organiserte aktivitetane – dei vil ha møteplasser som ikke er så styrt av de vaksne. Ein stad der det er akseptert at dei kan vere utan at dei vert jaga vekk. Viktig for at dei skal ønske å flytta tilbake.

Forslag om aktivitetspark og mekkeplass/kjeller for ungdom.

På lik linje som kommunen støttar idrett og sport, bør kommunen støtte andre aktørar. Til dømes folk som tar tak i og aktiviserar barn og unge med spesielle behov, kultur og skulekorps. Treng eige lokale for korps. Ønsker noko som musikkhuset i Knarvik. Fleire som kan ha øvingar der.

Tryggare gangvegar – vert mykje køyring, spesielt rundt barneskulen

Møteplass med kaffi og noko å bite i. Hotellet har ikkje den sosiale funksjonen, er mellom anna ikkje tilrettelagt for rullestol. Saknar ein pub.

Lindåstunet. Vedlikehalde og bruke dei bygga som eksisterer ikkje berre byggje nytt.

Lindås senter kunne vært betre, sjølv om Europris har vore eit godt bidrag, saknar posten og ønskjer apotek.

Kollektivtilbod. Både for å reise til t/r Bergen og for ungdom t/r Knarvik, korresponderer ikkje med skuleslutt. Både unge og eldre føler seg låst og opplever det som ein stor frustrasjon. Særleg dårlig kollektivtransport mot Knarvik i helger. Ikkje så verst i vekedagar.



Informasjon over aktivitetar og kva som skjer på Lindås. Td slik som i Nordhordlandshallen, plakat på oppslagstavle. Kommunen sjølv er dårleg å informere. Dei informerer i avis Nordhordland, og ikkje i Strilen.

Må bevare dei funksjonane og aktivitetane som er og utvikle bygda vidare, så har folk det dei treng for å bu her lenge.

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

Dei siste åra har utvalget av butikkar i Knarvik vorte betre, brukar mao. vinmonopol, sport, optikar og klesbutikkar. Helsehuset

Ønskjer felles svømmehall i Knarvik.

Fint med felles helsehus, men bør innehalde røntgen.

Knarvik er ein stad som alltid får meir enn Lindås

Sentraliseringen er ikkje nødvendigvis en fordel, me treng posten og apotek her, dette må vi til Knarvik for i dag.

Fleire seier dei ikkje bruker Knarvik så mykje, reiser heller til Åsane som har betre handelstilbod.

Ungdom: "Helt ærlig - eg likar ikkje Knarvik. Eg liker ikkje ungdommene der, eg er annerledes enn dei".

Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Lindåstunet får ein ny bruk og vert teke vare på

Breiare butilbod, leilligheter slik at folk kan bo på Lindås heile livet

Betre gang- og sykkeltilbod

Betre tilgjenge til sjø, Td mulighet for å leie båter og kano - meir tilgjengelig for folk

Informasjon om det som skjer på Lindås og i kommunen

Dagsturhytte på Vardøfjellet

Gode tilbod og møteplasser for ungdom

Post, apotek og tannhelseklinik

Manger



Kva er unikt i Manger? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Manger spesielt god på?

Manger er ein stad. Ein stad med historie og kultur. I motsetning til Knarvik, som ikkje har lang historie. Prestegarden var eit gammalt sentrum for kultur. Eit møte mellom borgarskapet og bøndene. Mange har forfedrane sine her og sterkt tilknyting til staden

Folkehøgskulen sette Manger på kartet då den kom, den har tilført mykje til bygda, til dømes musikk. Nokon av elevane vart verande også.

Veldig positivt å ha funksjonar samla for kvardagslogistikk. Veldig mange kan gå og sykle kvardagen. Godt oppvekstmiljø, fellesskap og dugnadsand, folk kjenner hverandre.

Fin stad å vere tilflyttar også. Pluss og minus ved å komme inn i eit lite samfunn. Må engasjere seg og “ha lyst til å vere her”.

Radøyhallen med basseng er fantastisk! Mange ulike aktiviteter for alle aldersgrupper.

Kulturlandskap. Jordbruk i drift. Unikt at det ikkje berre er industri som møter ein, men aktivt jordbruk og flott natur teitt på. God kontakt med sjøen. Toskavegen.

Båthamn og badeplass. Mange fine turar tilrettelagt for folk med ulike behov.

Manger har framleis god kontakt med sjøen, noko som er unikt samanlikna med andre tettstadar.

Fins fire- og tomannsbustadar og rekkehus på Manger. Treig omsetning og hurtig utskiftning. Folk står i kø for å leige leilegheiter, men ikkje kjøpe. Men betre tilbod i Knarvik for dei som vil køyre inn i ein kjellar og ta heisen opp i leilegheita. Var tidlegare ein tendens at folk flytta til Austmarka og vendte seg mot Knarvik.

Dagens tendens: Byggefelt på Manger, mange har flytta frå Bøvågen, og frå Austbygd til Manger. Dei synest det er enklare å bu i Manger, blir mindre køyring. Det er positivt, for å ikkje miste innbyggjarar til Knarvik eller vidare. Viktig å ha eit sterkt sentrum.

Ønsker å ta vare på det at alle funksjonar er lokalisert så tett her. Muligheten til å delta i et nettverk sjølv om man ikkje har barn

Godt samarbeid mellom skulemusikken og fotball - prøver å koordinere slik at alle kan få være med på mest mulig, at aktivitetene ikkje kræsjer. Nøgd med ungdomsmiljøet og tilboda som fins til barn og unge, men ikkje for dei som ikkje ønsker å vere med på organisert tilbod

Industribedrifter som både tar inn folk utan fullført skulegang, men også folk med kompetanse.

Og kva manglar?

Barneskulen er for liten, for få klasserom og dårlige uteområde

Mangler aktivitetar og uformelle møteplasser for ungdom. Kan vere vanskelig for ungdom å komme inn i miljøet dersom man ikkje er del av idrettslaget.

Må bli lettere for folk å bygge bustad på garden. Folk får nei med beskjed om at det er for langt til busstopp

Fritidstilbod til barn og unge med fysisk og psykisk utviklingshemming. Det var en klubb før, men den er nedlagt. Har ikkje gode sosiale tilbod

Ikkje alltid kjent å vere liten bedrift når man er etablert i periferien. De små lokale bedriftene må også bli sett mht til store anbud. Blir ikkje spurt en gang. Det må kommunen tenke på, for å beholde de små bedriftene.

Ønsker kulturhus - øvingslokaler til et godt brassmiljø. Vi får ikkje vist fram kor god vi er. Lite aktivitet ved, og nært sjøen. Kunne vært betre tilrettelagt for aktivitet for ungdom. Dieselfylling til båt er savna

Motorcross-bane er savna

Radøyhallen: ønsker egen handikap-garderobe. Riv veggen mellom varm og kaldbasseng slik at familien kan bade saman

Kollektivtilbodet er ikkje godt nok, ok til Manger, men veldig dårlig tilbod lengre ut. Ville hatt større sykkelbane. Både sykkel, sparkesykkel.

Mykje parkering gjer at folk kører veldig mykje. Ønsker å avgrense køyringa meir.

Sjølv dei som bur i sentrum kører, av vane, då det er så enkelt å køyre.

Utrygge gang- og sykkelveier. Ikkje trygt å sykle når ein nærmar seg 5 km frå Manger. Snakk om å bruke 40 millionar på det gamle kommunehuset. Dei pengane bør dei heller bruke på noko anna, noko nytt.

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

Må jobbe for at kommunenesenteret er ein flott representant for Alver. Vi burde støttet opp om Knarvik for blir Knarvik bra, jobber Knarvik for resten av kommunen. Viktig å endre attraktiviteten til kommunenesenteret.

Administrasjonen er ikkje lenger nært på Manger, men på Knarvik og på Frekhaug. Enda mindre utilgjengeleg for oss på Frekhaug.

Vidaregåande skule og legevakt er viktig. TAF er spesielt flott i Knarvik vgs. Høge søkeratal, men ikkje lovpålagt tilbod, vurdere å legge ned for å spare midlar.

Knarvik er litt som eit skjellsord, ser det på sosiale medium osv. All den flotte naturen er gøynd under betong i Knarvik. Annleis enn resten av kommunen. Alver står ikkje for det som Knarvik representerer.

Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Kommunehuset er så tomt, kunne vore samlingsstad for ungdom. Turnus av vaksne som kan vere til stades. Ønsker eit ungdomshus midt i sentrum.

At kommunen deler ut tilskudd til fritidsaktiviter for barn og unge

Et styrka Knarvik/sentrum som resten av innbyggerne kan bruke og være stolt av. Et røngten-apparat i Knarvik. Må ikkje sentralisere for mykje – fordi kommunen består av mange unike lokalsamfunn.

Få god veiledning til å bidra som frivillig, eller utvikle gode ideer. Kunne gjerne hatt ein "dugnadstlf" til Alver kommune. Om ein har ein idé kan ein ringe, og få vegleiing om korleis gå fram med ideen, søke midlar osv. Viktig å ikkje bli møtte med problemtatisering frå kommunen. Kommunen kunne være flinkere til å følge opp.

Fysisk og psykisk utviklingshemming – de treng fritidstilbud. Bare vere.

Alle må ha ein stad å høyre til. Meir allsidig butilbod, for alle aldersgrupper i same bummiljø. Manger kunne blitt et eksempelsamfunn for eit bærekraftig lokalsamfunn, gå sykle, sjølvforsynt jordbruk mv.

Satse på sykling – td.køyre kampanjer for å mest mogeleg gå og sykle i kvardagen, med premie.

Frekhaug



Kva er unikt i Frekhaug? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Frekhaug spesielt godt på?

Alt me treng samla på ein plass. Ulike bustadtypar. Det som trengs av offentlige tilbod, tannlege, bibliotek, fleire matbutikkar, treningscenter mv. Utval av tenester, BUA, GLØDE og Nye meieriet er veldig bra
Fritidsaktiviteter nært nok, nærturområder, badevik og park/friområde

Fint å bo i ein bygd nær ein by, Begynner Frekhaug å vokse ut over "bygdefølelsen"? I mindre samfunn, er det gjerne slik at folk passar meir på kvarandre. Tendens at småbarnsfamiliar flyttar til Meland og foreldra kjem etter.

Vanvittig flotte turstier, turveier, naturområder og soppområder nært. Mange turar er blitt godt skilta. Kan gå direkte frå Frekhaug/ køyre eit lite stykke. Littlebergen er bra og båtlivet trekker mange

Korte avstander mellom tilbod og/eller aktiviteter, gå og sykle til det meste du treng. Barna kan gå trygt til alt, i allfall om dei velger rett veg til Meland aktiv. Kort til buss.



Kan klare oss utan bil her. Barna liker seg her, vil ikkje flytte lenger unna vene. Trygg skuleveg på Frekhaug, litt verre på Grasdaltraktene, men det er engasjement rundt Grasdal og ting begynner å henge i saman.

Sterk lokal tilknyting. Har lenge hatt relativt ung befolkning. Fin miks av ulike aldersgrupper. Lett å bli inkludert. Viktig å få tilflyttere til å delta her, skape tilhørighet saman, det tar tid å skape ein dugnadsgjeng.

Buss og båtforbindelsen til Bergen og Knarvik er veldig bra.

Fortsatt god kontakt med sjøen. Ein flott kai der ein kan stå og fiske.

Rikt organisasjonsamfunn. Spesielt populert med fotball. Veldig bra idrettsanlegg.

Stor ressurs i kirkemiljøet, stort engasjement og mange aktiviteter

Mykje positivt rundt ungdomslag og ungdomshus

Folkehøgskulen er viktig

Eldresenter, gode tilbod, aktivt Meland helselag. Pensionistgruppa som rydder sti og turveg.

Mjåtvæit, næringsområde, arbeidsplasser ganske nært, litt industri , Mjåtvæit på veg opp

To fantastiske diskogolfbaner (freesbe). Badevika og Ellevika. Over 100 medlemmer i klubben. Registrert over 300 unike brukarar

God dugnadsand. T.d. diskosbana er bygd på dugnad.

Innvandrar: Kjenner seg veldig integrert! Norskafé ved apoteket, heiter "møteplassen". Men for liten plass.

Planene for Langelandsskogen blir, utvikla tilbod, tenester og bustad, nært sentrum. Det er positivt med kommunesamanslåing.

Og kva manglar?

Turområda vert trua av gjengroing og det må ryddes og dei er under sterkt press.

Krymper og mister verdien sin når ein alltid kan sjå eit hus. Før kunne ein gå samanhengande tur i naturområder, no går ein meir frå byggefelt til byggefelt

Utfordring for barn å ta buss på besøk til vene som bur lenger unna Frekhaug pga dårlig kollektivtilbod.

Saknar bakeriet

Saknar betre informasjon om det som skjer på Frekhaug.

Her er en del historikk, en del aktiviteter møter veggen i høve til økonomi

Mange ønsker ein uformell møteplass, utenfor religiøse miljø, vært kjekt å bare møtes Butikkane på Frekhaug må se mere nytten i å skapa ein møteplass

Har en del å velge imellom, men veldig mye fotball

Bompenger kan virke ekskluderande

Symjehall

Tilrettelegging av tilgjengeleg turløype med lys, mange fine friluftsområder, men viss du er dårlig til beins sliter du.

Planlagt utbygging i Midtmarka er ein trussel.

Kva rolle spelar Knarvik? korleis bruker de Knarvik? Kva bør liggje i Knarvik som felles funksjonar for heile kommunen og regionen?

Idrettstilbud, turløype, hallene, friidrett, ønskjer ein symjehemhall
Bompenger gjer det meir utfordrande å bruka tilboda på Knarvik
Positivt at eit større fagmiljø vert samla for å få opp nivået.
Innstilling til Knarvik avhenger litt på avstand og demografi, kanskje kommer det et skille med neste generasjon
Samtidig må ikkje alle funksjoner dit, noen grunnleggende nære må vere på Frekhaug, apotek og tannlege til dømes må vere her.
Ser nytten i Knarvik, meeeeen det er lett å svinge til Åsane
Ønsker å bruke Knarvik for fellesfunksjoner samla, for eksempel helsetilbud, faglig og økonomisk fordel, felles bygg for større arrangement og særleg kultur.

Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Ønsker ein uformell møteplass, cafe, for alle
Sentrumsnær kyrkje
Ønskjer å halde på samholdet inn i litt store Alver.
Frivillighetssentralen, gjerne få friske aktive eldre menn ut av stua
Hurtigbåten, fleire avganger kvar dag og i helger og feriar
Tryggere skoleveg
Tilrettelegging og gjøre synlig eksisterende "infrastruktur"... Må ha god merking, kart, skilt, informasjon Turvei – bok, 15 turer i Alver, Informasjon både i tekst og bilde.
Bygge nettverk mellom byggefelt, lite som skal til fra Løypetona til Dalevatnet og Sagstad
Ønskjer ein "Nærcenter"- guide med oversikt over kva som skjer lokalt
Mere sykkelsti og fortau, belysning

Knarvik



Kva er unikt i Knarvik? Fysisk, Kulturelt og Sosialt? Kva er Knarvik spesielt god på?

Knarvik er ein praktisk stad som har alt! flotte tuområde, trafikknutepunkt, kjøpesenter, bibliotek – (det nye biblioteket er utruleg flott for unge og gamle!), Skulesenter og godt skuletilbod, kort veg til sjø og fjell, fint plassert midt i storkommunen osv. Setter stor pris på at alle desse funksjonane og kvalitetane er samla i Knarvik. "Alt er innan 5- 10 minuttars gange".

Ikkje mykje kriminalitet, noko, men ein kjenner seg trygg både som barn og forelder.

Ny flott barneskule

Mange kulturtilbod; fellesareal, amfi og møtepunkt, nytt bibliotek som er eit fantastisk godt tilbod, flott kyrkje

Natur tett på. Nærleik til natur, sjø og fjell. Ein har gode tuområde samstundes som ein nær alle andre servicetilbod. Det er ikkje berre natur og skau, men det er god kvalitet – Kvassnesstemma og Lonena flott utsikt når ein kjem opp i terrenget.

Godt handelstilbod. "Det eg treng fårt eg tak i på Knarvik senter" 6 matbutikkar og 8 frisørar. Mange apotek også. Det fortel at folk som bur her bruker sentrum mykje. Det er den kombinasjonen som er spesiell: nærleik til godt idrettsanlegg, nærleik til natur (og opparbeida og tilrettelagte), tilgang på alt ein treng i kvardagen, godt kollektivtilbod og nærleik til Bergen. Utsynet frå toppar i Knarvik er helt spesielt!

Kollektivknutepunkt

Nærhet til Bergen er ein viktig kvalitet – med alle byens tilbod og kvalitetar

Båt til Bergen og særleg godt busstilbod

Knarvik er veldig, veldig god på idrett. Breidde i idrett. Mange tilbod til barna. Godt handballmiljø, fotball, korps.

Synest kvaliteten ved bumiljø er god dei nye bustadområda kring Lonsvegen. Ønsker ikkje for mykje av same type bustad, ønsker variasjon. Meiner det er god breidde i tilboda.

Blitt god infrastruktur, ein kjenner ofte igjen folk når ein er ute og går, så møter ein folk til og frå trening osv. Sykkelvegane ut frå Knarvik er ganske bra. Ikkje forbi Munndalsbergtunnellen. Bra til Seim og Frekhaug.

Viktig at me tar vare på det som er positivt i utviklinga av Knarvik:
Det praktiske og at Knarvik også er eit bustadområde, ikkje erstatte dette med berre andre funksjonar og arbeidsplassar.
Imponert over stolpejakta og den tilrettelegginga som har vore gjort der!

Og kva manglar?

Det sosiale, naboskap, forhold til familiar og vener. Ber litt preg av omskifting frå einebustad til leilegheiter. I mitt bumiljø er alderssamansetninga svært spreidd, det fører ikkje til så naturlege møtepunkt. Ein må engasjere seg i noko for å få tilhøyring. T.d. barn i skulen, korps eller idrett. Oppteken at ein må gjere noko med dette i Knarvik.

I bygder utanfor Knarvik er det enklare å vere tilflyttar fordi ein gjerne har eit samfunnshus med ulike aktivitetar som går på tvers av alder og interesser.
Bumiljø: kva bustadtypar skal vi ha i Knarvik? For einsformig med mange eldre?

"Utsjånaden til Knarvik er aldeles krise". Utfordrande å utvikle eit regionsenter som ingen vil bruke pengar på. Blomar i rundkøyring i staden for ugras f.d. Det er shabby i Knarvik samanlikna med andre regionsenter og byar.

Ein må tørre å leve opp til regionsenterrolla og tørre å bruke pengar på det.
Utfordrande å stå for det med desentralisert politikk.
Svømmeanlegg, kulturhus med kino - då får ein møteplass utanom organisert idrett og kultur. Veldig viktig å opne opp for andre møtearena enn organisert idrett og kyrkja. Uhelding om folk reiser til Bergen for kulturtildod, då tar dei handelen der også. Kulturhus vil vere eit hjarte i Knarvik, samle og skape felles identitet til Knarvik.

Skape unik identitet til Knarvik. Det må komme frå kommunen. Kan fort skape mykje engasjement. Treng ikkje vere så dyrt. Døme Balandet/ Værlandet. Studentar drog ut der og ønska å sette litt preg på staden, mala i gatene. Eidfjord: Strikking på træra.

Saknar eit levande torg, ein møteplass ute.

Betre tilgang til strandsona, strandpromenade frå Knarvik kai og bort mot Gjervik.
Utvikla området Knarvik kai

Mange eldre som bur her som ikkje har plass til verktøy, symaskin osv. Ein felles verkstad der eldre og unge kunne møtast. Unge kunne lært handtverk mv av dei eldre.

Det er behov for møteplassar utanom idrett, kyrkje og korps.

Identitet er eit stikkord. Elendig ide å plassere eit hovudreinseanlegg mitt i regionsenteret. Få i det minste på plass blomar, sjå på sørlandsbyane. Hadde vore kjempekult med kunst på Knarvik senter- siloen. Kunne vore veldig spennande med kunst, identitet.

Næringslivet må utfordrast til å bidra. Slå av neonlyset på helsehuset, bytt logoen.

Me har så flotte fjordar. Saknar fjordaktivitet. Bør få til eit romeisterskap frå Knarvik til Manger. Få plassar det går an å gå ned til sjøen, utvikla området ved Knarvik kai. Anlegget på Isdalstø er flott, men veldig fullt av folk om sommaren, treng fleire slike plassar.

Viktig at politikarane vert utfordra om kva dei meiner med eit regionsenter.

Helsehuset er eit døme på at dei har gjort nokre grep.

Skape fleire fysiske møteplassar.

Bærer litt preg av stor utskifting. I mange nabolag er det stort alderspenn fordi folk flytter inn i etablerte nabolag. Så det er ikkje i "gata" sosialiseringa skjer. Det er gjennom eigne nettverk, gjerne gjennom ungane og deira fritidsaktivitetar.

Det er gjerne lettare å vere tilflyttar i nye bustadfelt. Eller i bygder lenger ute, kor dei gjerne har forsamlingshus eller liknande

Kan vere utfordrande. Det er eit tema som går igjen. Vi er avhengig av andre arenaer for tilhørigheit.

Ulempe for dei som bur nedanfor E39: Barna har ikkje gangveg til skulen utan å krysse trafikert veg. Trafikert veg heile døgnet. Medan i Juvikstølen er det veldig godt tilrettelagt for sykkel, sjølv om dei må krysse vegen for å komme til idrettsområdet. Bensinstasjon med butikkdel var ein viktig møteplass, der ein alltid traff på kjende. Knarvik senter er ikkje same møteplass.

Å ta buss for eldre kan vere problematisk for mange, får ikkje betalt på «gamlemåten».

Kva rolle spelar Knarvik? i dei andre nær- og lokalsentra er det ei relativt negativ innstilling til Knarvik, kvifor er det slik?

Såg denne haldninga i gamle Lindås også. Nye funksjonar kunne kommunen få, men det skulle i allfall ikkje plasserast i Knarvik. Det er attraktivt å bu i Knarvik, ein ser det på bustadprisane. Trur ikkje på at folk bruker Knarvik så lite som dei skal ha det. Tala til senteret var godt i fjar i allfall.

Same mentalitet som heile Noreg har til Oslo. Trur det er anten- eller mentalitet. Viss ikkje me skal ha det, kvifor skal dei i Knarvik få det?

Senteret var i sin tid veldig koseleg. Då hadde me eit torg der. No er det glastak og ikkje fint, lydforeining. Senteret er blitt eit lappeteppe. Pga eigarforhalda på senteret kjem det ikkje på banen ein stor aktørar som hadde vore samlingsstad.

Egon, H&M t.d.

Andre er stoltare av bygda si og har ofte god grunn til å ha det.

Å pynte på Knarvik kan hjelpe, men i utgangspunktet har ikkje folk noko grunn til å vere positiv til Knarvik. Kan forstå dei.

Bompengane øydelegg. Gjer det dyrt for dei andre bygdene å reise inn til kommunesenteret, då bli distansen større. Vanskelegare å vere positiv til Knarvik og alt dei får når me har bompengar.



Korleis ønskjer vi at det blir i framtida?

Me treng kulturhus og symjehall i Knarvik.

Hotell som også kan brukast til konferansar og kulturhus.

Det må være vilje til å bruke pengar på å utvikla Knarvik med gode kvalitetar, i dag er det shabby, td opparbeiding og vedlikehald av grøntområde mm.

Datakafe for eldre i senteret, lære å bruke pc, appar m.m. uformell møteplass?

Ein felles verkstad der eldre og unge kunne møtast. Unge kunne lært handtverk mv av dei eldre.

Uformelle møteplassar. Kule kafear, restaurant. Kolonihage. Tuftepark. Ungdomsklubb.
Tilbod til uorganisert ungdom, som ikkje er med på organisert idrett og musikk osv.

Ein større klatrepark hadde vore positivt, hadde samla ein ny gruppe folk. Veldig populert.

Toppidrettslinje. Har flotte anlegg for å dra i gang toppidrettslinje. Kan t.d. byggje hybelhus for studentar i Lonena.

Kommunen må inn og støtte vgs, sjølv om det er fylkeskommunen som styrer den. Gjennom skulebruksplan kan kommunen presse på.

Ønsker tilrettelagt terrengstiar for sykkel

Ny hovudtrasé frå Knarvik kai til Brekkeløypa utan kryssing av veg

Sjøfronten må utviklast - strandpromenade med badeområde – «verdas finaste promenade»

Politikarane må utfordrast på kva dei meiner om å utvikle eit regionsenter.

Uteareal: leikeplass (i H – feltet, Litlevika) i forfall. Kva med å utvikle dette arealet til eit fellesareal? Til ungdomar, kor dei kan bruke skateboard og syklar. Skape eit innbydande sentrum for alle aldersgrupper.

Få elva/bekken fram i dagen og utvikle den frå Lonena til utløpet i Osterfjorden

Knytte Isdalstø tettare på Knarvik.